

Den utrulege historia om den kjempestore pæra


Denne historia begynner i Solby. Der var folk for det meste glade og hadde det godt. Dei hadde berre to problem i Solby. Det eine var at borgarmeisteren var forsvunnen. Han kalla dei berre for JB. Det andre problemet var at når JB var borte, var det viseborgarmeister Kvist som bestemte. Og han var alltid sur og sint.

borgarmeister:
ein som
bestemmer
i ein by

Kapittel 1

Sola skein. Mitcho sat og fiska mens Sebastian sat og drakk eplemost og leste avisa.

– Eg har fått napp! sa Mitcho. Det var ein flaskepost. Det var eit brev inni flaska. Dei skunda seg heim for å lese det. Delar av teksten var uleseleg. Slik såg det ut.



Mitcho og Sebastian fann frøet i flaska og bar det ut i hagen for å plante det. Dei grov det ned og vatna det godt.

– Kva trur du frøet blir til for noko? spurde Sebastian då dei hadde lagt seg om kvelden.

– Eg veit ikkje, svarte Mitcho. – Men eg trur det blir noko heilt spesielt.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 5B
side 25.

Gjer oppgåvene
1, 4, 6, 8 og 9.